

Innkalling  
av  
Kommunestyret

**Møtedato:** 31.10.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15:45 - 18:45

Det vert sett fram mat i starten av møte.

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til [anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Saksliste:**

- 078/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 079/2016 Godkjenning av møtebok
- 080/2016 Godkjenning av møtebok
- 081/2016 Kjøp av private tenester - dagtilbod
- 082/2016 Høyring av søknad om konsesjonsendring av 420 kV- kraftlinje Modalen - Mongstad
- 001/2016 Orientering frå rådmann
- 083/2016 Referatsak

24. oktober 2016

Karstein Totland  
møteleiar

Anne Kristin Rafoss  
sekretær

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/857

Saknr	Utval	Type	Dato
078/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/574

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016
079/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

### Godkjenning av møtebok

32T

#### Journalposttittel

Protokoll - Kommunestyret - 22.06.2016

#### Dato

22.07.2016

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 058/2016

#### KS - behandling:

John Torsvik (H) sa at det var ein mogleg feil i møteprotokollen for sak 47.

Etter møtet konfererte ordførar og rådmann med forslagsstillar. Ein vart då samde om at denne saka må oppatt i neste kommunestyremøte.

#### KS - vedtak:

Saka vert utsett og kjem opp att i neste kommunestyremøte.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/857

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

### Godkjenning av møtebok

32T

**Journalposttittel**

Protokoll - Kommunestyret - 28.09.2016

**Dato**

29.09.2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

**Saksopplysningar:**

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - F05, TI - &88	16/832

Saknr	Utval	Type	Dato
098/2016	Formannskapet	PS	20.10.2016
081/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

### Kjøp av private tenester - dagtilbod

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmann tilrår at kommunen utarbeidar ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Inn På Tunet garden, Litle Sleire 9.2 har etablert eit tilbod i kommunen der dei legg til rette for dagtilbod for menneske med ulike behov. Litle Sleire 9.2 ynskjer å vidareutvikle tilbodet. I samband med dette har dei behov for å investere i eit nytt aktivitetshus på garden. Med eit aktivitetshus på ca. 60m2 vil tilbydar kunne utvide og skape eit breiare og betre tilbod lokalt, samt auke kapasiteten på tal brukarar.

I samband med nye investeringar ynskjer Litle Sleire 9.2 ein langsiktig kontrakt med Masfjorden kommune på minimum 5 år, for kjøp av private tenester i form av dagtilbod jf. skriv til ordførar den 22.08.16

Litle Sleire 9.2 ved Tove Kristin og Vidar Tistel hadde ein presentasjon av prosjektet i kommunestyret den 22.06.16. I formannskap den 19.09.16 drøfta formannskapet saka og det vart gjort fylgjande protokolltilførsel: «Rådmannen meiner at dagtilbod må innarbeidast i årsbudsjett og at ein ikkje kan gje noko 5 års garanti. Ein kan eventuelt inngå rammeavtale etter anbod gjennomført etter innkjøpsregalar. Formannskapet slutta seg til dette og bad om sak på dette til neste formannskap.»

##### Fakta

Masfjorden kommune har nytta Litle Sleire 9.2 som dagtilbod i 3 år til ulike brukargrupper. Det siste året er det kun pleie og omsorg som nyttar tilbodet til brukarar som har særskilte behov. Dagtilbodet på Litle Sleire 9.2 er eit godt tilbod med høg kvalitet. Litle Sleire 9.2 er godkjent som Inn På Tunet gard, noko som kvalitetssikrar tenestetilbodet. Tilbodet er godt lagt til rette med individuelle tilpassingar for dei som deltek, og fagleg kvalitet hjå tilbydar er svært god. Dette er eit tilbod som passar til få personar på same tid, noko som også gjer at prisen på tilbodet blir høgare kontra tilbod

der fleire deltek.

Pleie og omsorg har søkt og fått midlar frå helsedirektoratet gjennom satsinga på dagtilbod til heimebuande demente i høve « Demensplan 2020». Målet for helsedirektoratet var at dagtilbod til heimebuande demente skulle bli lovpålagt oppgåver i kommunane frå 2016, men dette har ein ikkje klart å få til, difor er dette forksyve til 2020.

I tida fram til 2020 er det viktig for kommunen å vurdere korleis ein skal organisere dagtilbod til heimebuande demente. I ein kommune som Masfjorden med store geografiske utfordringar må ein vurdere fleire ulike tilbod, og måtar å organisere dette på. Eit viktig område er og den økonomiske konsekvensen av lovpålagt dagtilbod. Fram til 2020 vil kommunane mest truleg få øyremerka midlar til dette føremålet, mens det frå 2020 vil inngå som rammeoverføring.

Masfjorden kommune nyttar tilskotsmidlane frå helsedirektoratet til ulike prosjekt/ tilbod. Dette er midlar som ikkje skal gå til drift av personale, men til oppbygging av tilbod. Kommunen nyttar i dag mykje av tilskotet til transportordning, og kjøp av tenester frå Litle Sleire 9.2. Det blir og nytta midlar ulike små tilbod/ treff rundt i kommunen, der ein inkluderar og tilpassar dagtilbodet til demente i fellesskap med andre eldre i sitt nærmiljø.

Det største dagtilbodet i kommunen til eldre pr. i dag er på sjukeheimen. På arbeidsstova har ein blanda grupper med både heimebuande demente, heimebuande eldre og bebuarar på sjukeheimen. Dette tilbodet blir drifta gjennom 100% stilling som aktivitør. Tilbodet er og tilrettelagt og tilpassa ulike behov så langt det er mogleg i høve demente. I tillegg har Nystova pr. i dag dagtilbod for enkelte demente med tilpassa aktivitet

#### **Vurdering:**

Masfjorden kommune står overfor store økonomisk utfordringar i åra som kjem, utifrå det som er kjent når det gjeld kommuneøkonomien. Så veit kommunen at dagtilbod for demente vert ei lovpålagt oppgåve frå 2020, som skal dekkast gjennom rammeoverføringar. Dette gjer at kommunen må vurdere ulike alternativ for forsvarlege dagtilbod fram til 2020, der ein tek omsyn til kvalitet og økonomi.

Litle Sleire 9.2 tilbyr at dei kan vere ein arena for ulike aktivetar for born og unge, innan rus og psykiatri, språkpraksis for flyktningar og tilbod til menneske med demenssjukdom. Utfordringa for kommunen er at behovet for dagtilbod er veldig ulike og varierende. Masfjorden kommune er ein liten kommune med vel 1700 innbyggjarar. Utifrå det vil det vere sporadisk behov for spesielle dagtilbod, og desse vil variere frå år til år.

Litle Sleire 9.2 kan tilby tenester til fleire brukargrupper, men ikkje alle desse er aktuelle brukarar som kommunen vurderer å kjøpe tenester til pr. i dag.

I Masfjorden kommune er det pr. i dag ikkje behov for språkpraksis for flyktningar på eit tilbod som Litle Sleire 9.2. Målet for språkpraksisplassar for denne gruppa er å etablere dette i bedrifter, og på arbeidsplassar der ein kan få muligheter til arbeid i framtida. Samtidig veit ikkje kommunen om det vil vere behov for alternative tilbod til denne gruppa i framtida, ved til dømes familiegjenforening.

Dagtilbod til unge med nedsett funksjonsevne er i dag etablert ved Einekavane AS. Det same gjeld for personar innan psykiatri og rusomsorg. I dag har ikkje kommunen aktuelle brukarar innanfor desse brukargruppene med behov for særskilt teneste i form av Inn På Tunet. Dette kan vere

brukargruppe som kan få behov for slike tenester på sikt, som eit supplement til det eksisterande tilbod.

Kommunen leigar areal ved Einekavane AS for å organisere dagtilbod til unge med nedsett funksjonsevne. Skal kommunen bruke midlar på andre dagtilbod, må dette også vurderast i samanheng med tilbodet på Einekavane AS. Kommunen har ikkje økonomi til å drifte fleire ulike dagtilbod.

Barn og unge kan og vere ei aktuelle gruppe som kan nytte seg av Inn På Tunet tenester, men pr. i dag er det ikkje behov. Utfordringa er at behov for denne type tenester er sporadisk i ein liten kommune som Masfjorden. Tilbod til barn og unge kan og vere eit aktuelt område å nytte Inn På tunet konseptet til, viss kommunen får born og unge som treng eit spesielt tilpass tilbod.

Den gruppa kommunen kjøper tenester til i dag frå Litle Sleire 9.2, er dagtilbod til heimebuande demente som supplement til kommunen sine tilbod. Når administrasjonen har vurdert dagtilbod vidare i saka i høve økonomi og kvalitet, er det utifrå det tilbodet og den avtalen kommunen har pr. i dag med Litle Sleire 9.2.

### **Økonomi**

Alle prisar er eksklusiv moms, fordi det er fritak for moms på helsetenester.

Inn På Tunet, Litle Sleire 9.2:

Pristilbodet til kommunen for dagtilbod er i dag kr. 5010,- for ein brukar og eit tillegg på kr. 300,-for brukar nr. 2, med netto sum for to brukarar på kr. 5310,- for ein dag pr. veke. Dette er inkludert transport til og frå, samt måltid og driftsutgifter.

Kommunen har ein gjeldande avtale frå tidlegare for ein brukar, til kr. 3260,- for ein dag pr. veke, **Samla i dag brukar kommunen kr. 8570,- til dagtilbod for 3 brukarar ved Litle Sleire 9.2 ein dag pr. veke. Tilbodet er fordelt over to dagar.**

Kommunen har ikkje henta inn pristilbod på denne type tenester, fordi ein har begynt i det små for å prøve ut tilbodet. I dag er det er ikkje noko konkurranse frå private tilbydarar, når det gjeld dagtilbod. Dette har ført til at kommunen har betalt den sum tilbydar har gitt. For pleie og omsorg er dette høge kostander som må vurderast i samanheng med andre tilbod, eller kostnad med å drifte dette sjølv i kommunal regi.

Pristilbodet frå Litle Sleire 9.2 har ein høg sats for fyrste brukar, og låg sats for brukar nr. 2. Dette er positivt, men og utfordrande økonomisk, fordi kommunen har så få brukarar som har behov for eit spesielt tilpassa dagtilbod. Det er ikkje kome tydleg fram kor mange brukarar som kan vere i ei gruppe når Litle Sleire 9.2 har bygd nytt hus til aktivitet, men per i dag er det ikkje plass til meir enn 2 - 3 brukarar pr. dag. Utfordringa er at kommunen ikkje har mange brukarar som treng denne type tilbod, eller som passar saman som gruppe, fordi kommunen er liten i høve innbyggjartal.

Ei større gruppe vil vere meir økonomisk, men samtidig vil brukarar som passar i større gruppe også kunne gjere seg nytte av det kommunale tilbodet på sjukeheimen, eller på andre tilbod i kommunen.

Andre tilbydarar i nærområdet:

Administrasjonen har henta inn pris frå Inn På tunet tilbydar i Gulen, Dalsøyra, for å ha noko å vurdere og samanlikne pris med. Kommunen har ikkje sjekka tilbod frå tilbydarar på større stader som Voss/ Førde m.m.

Prisen for tilbod på Dalsøyra er kr. 220,- pr. time. Med tillegg for mat frå 50 – 100 kr,- avhengig av kva måltid det skal vere. Hjå denne tilbydar får ein kjøpe dagtilbod på timar, og mange av deira brukarar hadde frå 2 – 4 timar. Administrasjonen har ikkje vurdert kven og kva type tilbod denne tilbydaren gir, men henta inn pris fordi tilbydar er ein godkjent Inn På Tunet leverandør.

Pris for ein dag ved Dalsøyra vil vere: kr. 220,- pr time x 6 t = 1 320,- + kr. 100 for måltid = 1 340 ,- pr. person. NB dette tilbodet er utan køyring/ transport. Utifrå erfaring på pris med drosje vil ein tur til/ frå Dalsøyra -Hosteland vere frå kr. 1000 – 1500,- . Det vil sei ein dagspris på ca. 2 840,-

### **Kommunalt tilbod**

Masfjorden kommune har eit stort dagtilbod på sjukeheimen, som ein ikkje kan samanlikne med konseptet til Litle Sleire 9.2. Difor har ein vurdert kva tilbod kommunen kan arrangere sjølv ved å tilsette eigen aktivtør, og bruke areal kommunen disponerar til dagtilbod for å vurdere økonomi.

Pris for eit dagsverk inkludert feriepengar, pensjon og arbeidsgjevaravgift er:

Sjukepleiar m/ vidareutdanning	2 631,-
--------------------------------	---------

Aktivtør	2 255.-
----------	---------

Det vil sei at pleie og omsorg kan drifte dagtilbod for 3 personar ein dag i veka (fordelt på to dagar) for 2 255,- x 2 = 4 510,- Dette tilbodet er ikkje inkludert transport, eller mat. Transport vil bli i form av drosje eller kommunal bil. Drosje vil koste ca. kr. 1000 – 1500,- men her kan ein og nytte kommunal bil slik at transport blir ein del av dagtilbodet.

### **Andre kommunale tilbod er støttekontakt/fritidskontakt.**

Kommune brukar også støttekontakt/ fritidskontakt til heimebuande dement, men og til mange andre brukar. Støttekontakt og dagtilbod i heimen til brukarar blir nytta utifrå den enkelte sine behov. Tilbodet kan vere organisert som eit dagtilbod i heimen, køyreturar, sosial stimulering, hjelp til handling m.m. Når det gjeld støttekontakt/ fritidskontakt er det ei utfordring å rekruttere personar til å ta på seg slike oppdrag. Støttekontakt/ fritidskontakt er eit svært godt tilbod som er lagt til rette etter brukarane sin behov og ynskjer. Støttekontakt er vanlegvis organisert etter timebetaling og oppdragsavtale, og kommunen betalar den faktiske tida med brukar. I tillegg kjem utgifter til køyring/ bruka av privat bil til oppdrag. I Masfjorden kommune har ein også fast tilsette som arbeidar som støttekontakt/ miljøarbeidar, fordi det sikrar eit stabilt tilbod til brukarar med spesielle behov.

### **Kvalitet :**

#### Inn På Tunet, Litle Sleire 9.2:

Tilbodet er veldig godt tilpassa små grupper på 1- 2 personar, der ein nyttar arbeidet på garden som aktivitet. Dette tilbodet passar veldig godt for mange brukargrupper. Tilbodet er veldig godt lagt til rette fagleg, spesielt når det gjeld å stimulere og bygge opp under eigenmeistring til brukarane



gjennom aktivitetar på garden. Inn På tunet konsept er eit kvalitetstilbod.

#### Inn På Tunet, Dalsøyra:

Dette er eit tilbod som pr. i dag er retta mest mot menneske med nedsett funksjonsevne. Tilbodet er lagt til rette med aktivitet på garden, og har hatt godkjenning som Inn På Tunet gard sidan 2013. Administrasjonen har ikkje gjennomført undersøking på korleis dei som kjøper teneste opplever kvaliteten på tilbodet, men utifrå at dei er godkjent Inn På Tunet så er kvaliteten på dette tilbodet også godt sikra.

#### Kommunalt dagtilbod som supplement til sjukeheimen:

Eit tilbod som kommunen sjølv organiserar til personar med behov for spesielt tilpassar dagtilbod har vore vurdert tidlegare, men ikkje starta opp på grunn av økonomiske utfordringar. Nystova og demensteamet planla tidlegare å starte opp eit tilbod for heimebuande demente, der to alternativ vart vurdert:

Alternativ 1, var å bygge på med vinterhage på Nystova for å få eige areal til tilbodet. På den måten ville Nystova bruke kompetanse og legge til rette for eit spesielt skjerma dagtilbod for personar med demens som treng ro og ikkje fungerer i større gruppe som på arbeidsstova på sjukeheimen.

Alternativ 2, var å bruke helselagsstova som base for dagtilbod.

Når det gjeld kvalitet på kommunen sine tilbod er dei gode og forsvarlege. Fasilitetane ein kan nytte med kommunalt tilbod er sansehagen. Eit kommunalt tilbod vil ikkje på nokon måte ha dei same gode fasilitetane som Inn På Tunet, der ein har naturen og garden som ramme rundt.

#### **Oppsummering**

Inn På Tunet konseptet er eit godt supplement til kommunen sine tilbod. Dette tilbodet vil aldri kunne erstatte fult ut dei tilbod kommunen gjev til brukarar med nedsett funksjonsnivå, heimebuande demente med fleire. Til dette er behovet til dei ulike brukarane og brukargruppene svært ulike, både i forhold til behov, kvar dei bur, kva dei kan ha nytte av m.m.

Når kommunen vurderer kva tilbod den enkelte brukar skal ha er det i høve til omsorgstrappa, lågast effektive omsorgsnivå. For mange eldre både med og utan demensdiagnose vil dagtilbod på sjukeheimen fungere veldig bra. Det same kan tilbod i nærmiljøet gjere. Andre gongar er det dagtilbod på Nystova som kan vere det beste for brukar, eller det kan vere tilbod som Inn På Tunet konsept. Dette gjeld også alle andre brukargruppene. For brukarar med spesielle behov for tilrettelegging uavhengig av diagnose, blir det lagt stor vekt på dei individuelle behova i høve omsorgsbehov, helsehjelp, dagtilbod m.m. Nokon brukarar har samansette behov, og behov for mange tenester. Desse brukarane har ofte individuell plan der ein følgjer opp og vurderar tilbodet gjennom ansvarsgruppe.

Masfjorden kommune har i dag eit svært variert tilbod når det gjeld dagtilbod og aktivitetstilbod til mange ulike brukargrupper, noko ein ynskjer å fortsette med framover. I eit økonomisk perspektiv er Litle Sleire 9.2 eit relativt dyrt tilbod samanlikna med bruk av eigne personalressursar, og tilsvarende tilbod i nabo kommune.

Når Masfjorden kommune kjøper tenester av eit vist omfang skal ein etter reglar om offentleg anskaffing hente pris frå fleire leverandørar. Viss kommunen fortset å kjøpe tenester frå Litle Sleire 9.2 slik som i dag, vil dette medføre ein kostnad på kjøp av tenester på ca. 360 000,- pr. år. På same tid kjøper kommunen tenester frå Einekavane AS som også er direkte innkjøp, og skal fylgje avtale om offentleg anskaffing. Det vil sei at kommunen uansett må hente inn pris frå fleire leverandørar, for å følgje opp reglane om offentleg anskaffing. For å følgje opp dette har rådmann vurdert at Inn På TUNET er eit konsept er eit området der kommunen må utarbeide ein prisførespurnad, med sikte på å kunne nytte ein rammeavtale med leverandørar. Ein prisførespurnad for dag- og aktivitetstilbod kan utarbeidast til å gjelde fleire brukargrupper.

Det er samtidig viktig at ein ikkje inngår ein rammeavtale som gjer at kommunen ikkje kan nytte sine eigen tilbod, viss det er til det beste for brukarane, og i høve til økonomisk rammer.

#### **Rammeavtale:**

Mange kommunar har avtalar med Inn På TUNET-tenester i form av rammeavtalar, jf. forskrift om offentlege anskaffingar §§ 6-1 til 6-3. Ein rammeavtale vil vanlegvis innebere at kjøparen bind seg til bestemte tenesteleverandørar for dei behova som oppstår, for ein viss periode framover (maksimalt 4 år, vanlegvis 2-årsavtalar med opsjon på forlenging med 1 + 1 år), og vil ikkje omfatte bestemte oppdrag. Ein del vilkår for kjøp av tenestene vil då vanlegvis vere avtalte i rammeavtalen. Rammeavtalen skal gje grunnlag for at oppdragsgjevaren kan få dekt behova som oppstår undervegs i perioden, ved å gjere bestillingar innanfor rammeavtalen. Ein må då eventuelt inngå nærmare avtalar om det enkelte oppdraget innanfor rammeavtalen.

#### **Konklusjon**

Rådmann tilrår at kommunen utarbeidar ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

### **Formannskapet - 098/2016**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Rådmann tilrår at kommunen utarbeidar ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - T21	14/107

Saknr	Utval	Type	Dato
100/2016	Formannskapet	PS	20.10.2016
082/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

### Høyring av søknad om konsesjonsendring av 420 kV- kraftlinje Modalen - Mongstad

32T

#### Journalposttittel

Søknad om tilleggskonsesjon m.v  
1848986

#### Dato

10.10.2016  
10.10.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune rår i frå den omsøkte løysinga som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne vegtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværområdet, og vera heilt i strid med reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje så store positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringsplanen vil.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta

**Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad frå BKK Nett AS for endring av den konsesjonsgjevne 420 kV- leidningen Modalen – Mongstad og bygging av nye tilhøyrande anlegg.**

BKK Nett fekk den 26.11.2015 konsesjon til å bygge og drive kraftleidningen 300 (420) kV Modalen – Mongstad. I forbindelse med detaljplanlegging har BKK Nett AS sett behov for endringar av den opphavleg konsesjonsgjevne leidningen. Det vart og avdekket behov for nye vegar for tilgang til bygging og drift.

Søknaden som NVE no i brev av 23.09.2016 sender ut på høyring omfattar følgjande:

- Omlegging av spenn på 300 (420) kV-leidningen Modalen – Steinsland
- Jordline på egen stolperekke i Stølsheimen
- Permanent tilkomstveg (750 meter) på vestsida av vatnet til Haugsvær

transformatorstasjon

- Permanent tilkomstveg (700 meter) til lledalsvågen
- Endring av trasé for sjøkabel i lledalsvågen
- Nytt bryterfelt i Lindås transformatorstasjon
- Endring av linetype for 300 (420) kV-leidningen for deler av strekningen


BKK Nett AS søker og om konsesjon i medhald av energilova og om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei nemnde anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Det blir òg søkt om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Gjennom høyringa av konsesjonssøknaden ønskjer NVE å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader. **Fråsegner skal sendast til NVE innan 1. november.** Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger). Her er det vist ei oppstilling på 27 vedlegg inkludert sjølve søknaden frå BKK dagsett 12.09.2016, som er lagt ved saka og høyringsbrevet til NVE.

For Masfjorden kommune er det følgjande to tiltak som medfører størst endringar. Det eine er søknad om å byggja ei eiga jordline langs høgspenteleidningen på separat stolperække på ein 6,3 km lang strekning i høg fjellet i Stølsheimen i Modalen til midten av Hjortevatnet i Masfjorden. Grunngevinga for denne sendinga er vurderingar knytt til fare for tunge islaster på leidningane, med fare for kollaps, og då vil eigne stolpar for jordlina redusere denne risikoen. Høgden på dei 27 planlagde stålryra vil variere frå 9 til 22 meter.

Det andre tiltaket er søknaden om å få byggja permanent tilkomst på ca 750 meter på vestsida av Haugsværdalen frå Haugsværtunet til den planlagde transformatorstasjonen på sørsida av vatnet.

Vegen er prosjektert med ei breidde på 4 meter og med 0,5 meter breide skuldre med grøft på innsida. Vidare må det byggjast bru eller leggjast røyr i elva som renn ut frå Haugsværvatnet. Som toppdekke er det planlagd asfalt. Omsøkt veg vil koma i konflikt med eksisterande 22 kV-linje, som difor må leggjast i kabel på ein strekning på ca 550 meter. Kartet nedunder viser omsøkt veg, sjå raud linje.



Nedunder er utsnitt frå reguleringsplankartet og prinsippsskisse med nybygg og arealbruk i sentrum av Haugsvær vist:



BKK grunnjev søknaden sin med at dette vert vesentleg dyrare å byggja veg på fylling langs austsida av Haugsværvatnet, og at det er stor usikkerheit knytt til grunntilhøva langs vatnet. Dei meiner at dei usikre grunntilhøva kan medføre setningsskader på veganlegget og at det kan koma strenge krav frå

Statens Vegvesen på grunn av E39. BKK sin konklusjon er at det difor er for komplisert og usikkert å byggja tilkomstveg langs austsida, og ut frå dette søkjer dei om konsesjon etter energilova til å byggja veg på vestsida. Den omsøkte vegen inkludert kabling av 22 kV-linja har dei kostnadsrekna til 7,1 million kroner, og den regulerte vegen på austsida har dei kostnadsrekna til 12,7 million kroner.

## Vurdering

Rådmannen meiner at søknaden frå BKK for å byggja eigen jordline på separat stolperekker er godt grunngeve, og at eventuelle ulemper dette kan ha vert oppvegd av fordelane. Alternativet er å oppdimensjonere høgspenmastene, noko som og kan medføra visuelle ulemper. Rådmannen meiner at kommunen difor ikkje treng å ha spesiell merknad til denne delen av konsesjonssøknaden.

Når det gjeld søknaden om å flytta vegen frå austsida av Haugsværvatnet langs E39 til vestsida av vatnet, vil rådmannen vise til at dette er heilt i strid med den nyleg godkjente reguleringsplanen for Haugsværdalen. Den vart godkjent i kommunestyret i Masfjorden den 28.10.2015. Her vart vegen innregulert på nedsida av E39 aust for Haugsværvatnet, og på den måten fekk ein samla dei tunge areal-/terrenginngrepa på den eine sida av Haugsværvatnet. Ved ei framtidig utbetring av E39 forbi Haugsværtunet vil denne planlagde tilkomstvegen, med vegfylling heilt og delvis ute i vatnet, vera med på å redusere investeringskostnadane for Statens Vegvesen, sidan ein god del av masseutskiftinga langs vatnet ville vore på plass.

Reguleringsplanen opnar og for at tilkomstvegen til BKK kan byggjast mellombels på den innregulerte gang- og sykkelvegen, noko som medfører at BKK ikkje treng fylla heilt ut slik reguleringsplanen legg opp til når E39 ein gang skal utbetrast. Det vert vist til føresegnene til reguleringsplanen sitt punkt 2.3 om denne løysinga. Tilkomstvegen med 4 meter i breidde kan og leggjast på kote 155, på eit nivå litt under eksisterande E39. Når E39 ein gong skal utbetrast, kan Statens Vegvesen byggja vidare på det som då alt er vorte investert tidlegare langs vatnet.

Rådmannen viser til at reguleringsplanen, som starta opp i 2013, var gjennom ein omfattande demokratisk høyringsprosess, med breid deltaking både lokalt og regionalt, og at den til slutt vart vedteken samrøystes av kommunestyret i medhald av plan- og bygningslova. Reguleringsplanen krevde mykje ressursar, og mange tilleggsutgreiingar vart gjort med omsyn til både trafikale løysingar, rasfare, og omsynet til å sikre ei heilskapeleg utvikling i forretningsområdet på Haugsvær og elles i heile Haugsværdalen. Spesielt viktig for kommunen var det å sikra ei langsiktig og framtidsretta utbetring av kyststamvegen (E39) forbi Haugsværtunet. Vegen er trafikkfarleg med uheldig kurvatur slik den ligg i dag, og ei utbetring vil vera ein stor fordel både for storsamfunnet og lokalsamfunnet.

Den innregulerte tilkomstvegen til transformatorstasjonen vil etter rådmannen si vurdering leggja til rette for ei langsiktig utvikling, ved at fellesskapet sine midlar (også frå netteigar) vert kanalisert til den innregulerte vegløyninga alt no, og slik generere samfunnsnytte utover å vera ein rein tilkomstveg til netteigar. Rådmannen vil og vise til at Statens Vegvesen gjekk tungt inn med planmidlar i reguleringsplanarbeidet, og at deira engasjement var avgjerande for at vegløyningane vart slik dei vart i planen. For det regulerte næringsområdet vil det og vera ein stor fordel om tilkomsten ikkje går omvegen rundt vatnet.

Kommunen er og usikkert på om naturmangfaldslova sine krav om kartlegging og vurderingar er tilstrekkeleg ivareteke i samband med vegtiltaket, og meiner at dette må utgreiast nærmare.

Til slutt vil rådmannen vise til at NVE i si innstilling av 30.09.2013 nederst på side 51 i

bakgrunnsnotatet til denne skriv følgjande om tilkomstvegen:

*«BKK Netts søknad om anleggskonsesjon inneholder ikkje beskrivelser av løysning for avkjøring og adkomstvei, men planskissen frå Masfjorden kommune inneholder adkomsvei som går på vestsiden av Haugsværvatnet. NVE legger derfor til grunn at adkomsveien blir behandlet etter plan- og bygningsloven.» (mi utheving)*

Kommunen har på bakgrunn av NVE sine føringar vist ovanfor difor brukt mykje ressursar på å løyse vegspørsmålet i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at løysinga som er valgt er det beste for samfunnet. Ut frå dette vil ein konkludere med at dei samfunnsmessige fordelane omsøkt tilkomstveg har, er betydeleg mindre enn dei samfunnsmessige fordelane den regulerte tilkomstvegen har.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner at kommunestyret skal rå i frå den omsøkte løysinga til BKK Nett AS som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne vegtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværområdet, og vera heilt i strid med reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje dei same positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringsplanen vil.

## **Formannskapet - 100/2016**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordførar sette fram følgjande tilleggspunkt:

Om NVE likevel ikkje skulle følgje kommunen sitt primærstandpunkt i denne saka, ber Masfjorden kommune om at følgjande avbøtande tiltak vert vurdert nærmare:

- NVE må påleggja BKK Nett å leggja ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringsplanen viser, slik at denne bedrifta får erstatningsareal for ulemper omsøkt vegløyning medfører for denne bedrifta.
- BKK må få plikt til å halde tilkomstvegen open for ålmenn ferdsle heilt fram til næringsområdet.
- NVE må påleggja BKK Nett å forlenga omsøkt veg med ein gangveg frå transformatorstasjonen og opp til E39 sør for Trodalstjørna (ved parkeringslomme der stien til Bjørnesteigvatnet og Myrbærdalen startar). Dette som eit avbøtande tiltak for ålmenta og friluftslivet.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune rår til at omsøkt tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon vert

godkjent.

#### Grunngjeving:

- Mindre støy og søl vil gjere gang- og sykkelvegen meir attraktiv for brukarane.
- Om vinteren unngår ein at all snøen frå brøyting av E39 hamnar i gang- og sykkelvegen.
- Bygdefolk som vil bruke vegen ynskjer at den får avstand til E39.
- At den eine kraftlinja blir fjerna og kabla vil gjere det mykje meir attraktivt å fiske langs vatnet. Slik det er no er det lett for at fiskesnøret set seg fast i linja.
- Det er eit billigare alternativ som gagnar utbyggar og bygda best.
- Kan brukast som omkøyringsveg for utrykningskøyretøy ved større trafikkulykker eller ras på eksisterande vegstrekning.

#### Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt frå H vart røysta opp mot Sp sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt frå H vart vedteke mot ei røyst (Sp)

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune rår i frå den omsøkte løysinga som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne vegtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværområdet, og vera heilt i strid med reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje så store positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringsplanen vil.

Om NVE likevel ikkje skulle følgje kommunen sitt primærstandpunkt i denne saka, ber Masfjorden kommune om at følgjande avbøtande tiltak vert vurdert nærmare:

- NVE må påleggja BKK Nett å leggja ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringsplanen viser, slik at denne bedrifta får erstatningsareal for ulemper omsøkt vegløyning medfører for denne bedrifta.
- BKK må få plikt til å halde tilkomstvegen open for ålmenn ferdsle heilt fram til næringsområdet.
- NVE må påleggja BKK Nett å forlenga omsøkt veg med ein gangveg frå transformatorstasjonen og opp til E39 sør for Trodalstjørna (ved parkeringslomme der stien til Bjørnestegvatnet og Myrbærdalen startar). Dette som eit avbøtande tiltak for ålmenta og friluftslivet.



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Deres ref.:  
Vår ref.: 11732970

Dato: 12.09.2016

## **Søknad om tilleggskonsesjon og endring i anleggskonsesjon for bygging og drift av 300 (420) kV kraftledning Modalen-Mongstad Søknad om ekspropriasjon og forhåndstiltredelse for gjennomføring av tiltak**

### **1. Sammendrag**

BKK Nett ble ved kongelig resolusjon i juni 2015 gitt konsesjon for bygging og drift av 300 (420) kV kraftledning Modalen-Mongstad. BKK Nett har startet detaljprosjektering av anlegget, og det har blitt avdekket behov for flere tiltak som krever tilleggskonsesjon eller endring av gjeldende konsesjon. En nærmere begrunnelse for hvert enkelt tiltak som det søkes om konsesjon for, gis under de respektive kapitlene i søknaden.

Følgende tiltak søkes det med dette om konsesjon for:

- Etablering av permanent tilkomstvei til landtak for sjøkabelanlegg i lledalen.
- Etablering av permanent tilkomstvei til Haugsvær transformatorstasjon.
- Etablering av ett stk. 300 (420) kV bryterfelt i Lindås transformatorstasjon.
- Etablering av jordline for 300 (420) kV ledningen på egen stolperekke gjennom deler av Stølshøyen.
- Endring av trasé for sjøkabelanlegg i lledalsvågen.
- Endring av linetype for de strømførende linene for 300 (420) kV ledningen for deler av strekningen.
- Omlegging av ett spenn for eksisterende 300 kV ledning Steinsland-Modalen.

### **2. Presentasjon av søkeren**

Konsesjonssøker: BKK Nett AS  
Postboks 7050  
5020 Bergen

Organisasjonsnummer: 976 944 801

Saksbehandler: Per Ivar Tautra  
Telefon 55 12 89 32  
E-post [per.tautra@bkk.no](mailto:per.tautra@bkk.no)

BKK AS ble stiftet 2. juni 1920 av Bergen og 11 omlandskommuner. BKK eies nå av Statkraft (49,9 %) og 17 kommuner på Vestlandet.

Nettvirksomheten drives av BKK Nett AS, som er et heleid datterselskap av BKK AS. BKK Nett AS er Norges nest største distributør av elektrisk energi og en av landets største regionalnetteiere.

Det er BKK Nett AS som står som søker og som også skal stå som byggherre og eie anleggene frem til det er ferdig bygget. Det vises til at implementering av EUs tredje elmarkeds pakke medfører at kun Statnett kan eie sentralnett, jf. forslag til endringer i energiloven som har vært på høring. Som en konsekvens av dette har BKK Nett og Statnett inngått avtale om overdragelse av BKK Netts sentralnettsanlegg med virkning fra 01.01.2016. Avtalen innebærer også at forbindelsen 300 (420) kV Modalen-Mongstad skal overdras til Statnett når anlegget spenningsettes.

BKK Nett står også som søker på vegne av BKK Produksjon for nødvendig omlegging av eksisterende 300 kV ledning Steinsland-Modalen som følge av BKK Netts tiltak. BKK Produksjon eier ledningen.

### 3. Søknader og formelle forhold

#### 3.1. Søknad om konsesjon for bygging og drift

BKK Nett søker i henhold til energiloven av 29.06.1990 § 3-1 om konsesjon for bygging og drift av følgende anlegg:

- Permanent tilkomstvei til landtak for sjøkabelanlegg i lledalen, Gulen.
- Permanent tilkomstvei til Haugsværdalen transformatorstasjon, Masfjorden.
- Ett stk. 300 (420) kV felt i Lindås transformatorstasjon, Lindås.

BKK Nett søker i tillegg om endring i gjeldende konsesjon for bygging og drift av eksisterende anlegg:

- Jordline på separat stolperække på en 6,3 km lang strekning gjennom Stølsheimen.
- Justering av trasé for 300 (420) kV sjøkabel fra sjøen til landtak i lledalen, Gulen.
- Endring av linetype for 300 (420) kV kraftledningen for deler av strekningen.

På vegne av BKK Produksjon AS søker BKK Nett endring i gjeldende konsesjon for bygging og drift av følgende eksisterende anlegg:

- Omlegging av eksisterende 300 kV ledning Steinsland-Modalen.

Oversiktskart som viser lokalitetene for de enkelte tiltakene følger som vedlegg nr. 1.

#### 3.2. Søknad om ekspropriasjon og forhåndstiltredelse

BKK Nett har som målsetning å inngå minnelige avtaler med de berørte grunneierne.

For det tilfelle at enighet om minnelige avtaler ikke oppnås, søkes det i medhold av oreigningslova av 23.10.1959, § 2 nr. 19 om tillatelse til ekspropriasjon av nødvendig grunn og rettigheter for bygging, drift, vedlikehold og fornyelse av de elektriske anleggene, herunder nødvendige rettigheter for adkomst, transport og lagring.

Samtidig søker BKK Nett i medhold av oreigningslova § 25 om tillatelse til forhåndstiltredelse, slik at arbeid i terrenget kan påbegynnes før skjønn er avholdt.

Ovennevnte søknad om ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse gjelder følgende tiltak:

- Rett til å bygge, vedlikeholde og fornye tilkomstvei fra eksisterende avkjørsel ved Haugsvær og frem til ny transformatorstasjon, herunder rett til kjøring/transport over eksisterende planert areal.
- Rett til å bygge, vedlikeholde og fornye tilkomstvei fra eksisterende avkjørsel for traktorvei ved Hovden boligfelt og i traseen for eksisterende traktorvei frem til eiendomsgrense mot gnr. 62 bnr. 2.
- Rett til å etablere jordlinen på egen stolperække over en 6,3 km lang strekning gjennom Stølsheimen, herunder rett til å bygge, drive, vedlikeholde og fornye anlegget, samt nødvendige rettigheter til adkomst, transport og lagring ved bygging drift, vedlikehold og fornyelse av anlegget.

Tiltakenes plassering på den enkelte eiendom er vist på eiendomskart i vedlegg nr. 6. Grunneierlister følger som vedlegg nr. 7.

Brev med varsel om ekspropriasjon sendes ut til berørte grunneiere samtidig med innsending av denne søknaden. Kopi av varselet følger som vedlegg nr. 8.

Ekspropriasjonstillatelse og tillatelse til forhåndstiltredelse vil bli brukt overfor grunneiere hvor BKK Nett ikke lykkes med å inngå minnelig avtale.

### 3.3. Andre nødvendige tillatelser og rettigheter

#### *Plan- og bygningsloven*

Plan og bygningsloven § 1-3 fastslår at loven ikke gjelder for anlegg for overføring eller omforming av elektrisk energi med tilhørende elektrisk utrustning og bygningstekniske konstruksjoner som nevnt i energiloven § 3-1 tredje ledd, med unntak av kapittel 14 om konsekvensutredning av tiltak og planer etter annet lovverk og kapittel 2 om kartgrunnlag og stedfestet informasjon.

Plan- og bygningsloven § 14 stiller krav til konsekvensutredning for store kraftledningsprosjekter. Det omsøkte tiltaket er ikke av et slikt omfang at det utløser krav om konsekvensutredning.

#### *Lov om kulturminner*

BKK Nett har gjort søk i Askeladden, Riksantikvarens database for kulturminner, og det ble ikke funnet registrerte kulturminner i de omhandlede områdene. BKK Nett må som tiltakshaver utvise aktsomhet og straks melde fra til fylkeskommunen dersom det ved gjennomføring av tiltaket skulle forekomme funn av automatiske fredede kulturminner, jf. kulturminnelovens § 8. Se for øvrig nærmere kommentar om status kulturminneundersøkelser knyttet til det enkelte område som berøres av tiltakene som omsøkes.

### 3.4. Berørte gjeldende konsesjoner

BKK Nett viser til anleggskonsesjon for ny 300 (420) kV kraftledning Modalen-Mongstad gitt BKK Nett ved kongelig resolusjon 19.06.2015 med referanse 09/690.

Vi viser også til gjeldende anleggskonsesjon for Lindås transformatorstasjon, datert 19.11.2013, med referanse NVE 200701300-302.

Vi viser også til gjeldende anleggskonsesjon for 300 kV Steinsland-Modalen, meddelt BKK Produksjon AS, datert 19.08.2015, med referanse 201504714-2, nr. 1.

### 3.5. Fremdriftsplan

Den gjeldende fremdriftsplanen for detaljprosjektering og bygging av 300 (420) kV kraftledning Modalen-Mongstad er gjengitt i tabellen under.

	Aktiviteter etter at konsesjon er gitt
1.	Detaljprosjektering frem mot desember 2016
2.	Anskaffelsesprosess januar – juni 2017
3.	Byggestart Q2 – Q3 2017
4.	Spenningssetting Q4 2019

Figur 1. Tabell som viser oppdatert fremdriftsplan for prosjektet 420 kV Modalen-Mongstad.

## 4. Tilkomstvei til landtak i Ilevågen, Gulen kommune

BKK Nett søker om konsesjon til å bygge en ca. 700 meter lang tilkomstvei fra eksisterende kommunal vei i Hovden boligfelt og ned til område for landtak, muffeanlegg og kabelendemast ved Iledalsvågen, Gulen kommune. Tilkomstveien er nødvendig for bygging av landtak for sjøkabelanlegg med muffeanlegg, men vil også være hensiktsmessig for drift, tilsyn, vedlikehold og fornyelse av anleggene.

### 4.1. Begrunnelse for tiltaket

Tilkomst til landtaket for sjøkabelanlegget med tilhørende muffeanlegg og kabelendemast var opprinnelig planlagt utført ved hjelp av ferge og helikopter. BKK Nett har derfor ikke søkt om konsesjon for bygging av vei tidligere.

I forbindelse med detaljprosjekteringen har BKK Nett registrert en terskel på 4 - 4,5 meters dybde øst for Steinsholmen, hvilket gjør at det vil bli mer krevende enn forutsatt å kunne gå inn til land med stor nok ferge til transport av maskiner og massetransport ut. Uavhengig av grunnforhold viser dessuten erfaring fra den nylig bygde 420 kV forbindelsen Mongstad-Kollsnes, hvor det ble bygget flere landtak med veitilkomst og ett landtak uten veitilkomst, at det å bygge et landtak med tilhørende anlegg uten vei er en løsning som er vesentlig kostnadsdrivende sammenlignet med kostnadene med å bygge vei. For anleggsperioden ser BKK Nett en kostnadsbesparelse på 6-8 millioner for etablering av landtaket ved Iledalsvågen dersom det kan bygges vei ned til landtaksområdet. Også for bygging av 420 kV luftledningen vil det være en fordel om det bygges vei ned til landtaket, da det blir lettere å få ned vinsj og trommel til endemasten.

I tillegg kommer besparelser ved fremtidig drift av anlegget, ved ettersyn og eventuelle reparasjoner av feil. I driftsfasen er også redusert tilkomsttid til kritiske komponenter av en ikke uvesentlig betydning. En vei ned til landtaket vil også være en kostnadsreduserende faktor ved senere eventuell legging av et sjøkabelsett nummer to.

### 4.2. Beskrivelse av tiltaket

Veien BKK Nett søker om konsesjon for å bygge vil være bortimot 700 meter lang. Største stigning vil være 10 %. Vi viser til lengdeprofil, som følger som vedlegg nr. 9. Traseen for veien er valgt i samråd med berørt grunneier, og vi har funnet frem til en trasé som er gunstig med hensyn til stigning. Vi viser til situasjonsplan som følger som vedlegg nr. 2.


Veien prosjekteres til å tilfredsstille kravene til landbruksvei klasse 3, med fire meter veibredde. Veiklasse 3 er standarden for skogsbilveier, gårds- og seterveier med moderat til lavt trafikkgrunnlag. Veien skal kunne trafikkeres med lass hele året med begrensninger i teleløsningsperioden og i perioder med spesielt mye nedbør.

På de første 100 meterne av traseen finnes det i dag en traktorvei. Det må etableres rampe for avkjøring mot sideterreng slik at den gamle traktorveiens funksjon opprettholdes. For øvrig har Gulen kommune planlagt å bygge en barnehage i tilknytning til Hovden bustadfelt. Barnehagens fremtidige tilkomstvei vil være sammenfallende med første del av BKK Netts planlagte vei.

Den konsesjonssøkte veien vil følge en rygg i sørlig retning, for så å vende og gå ned i nordlig retning og komme ned i søkket like ovenfor Iledalsvågen. Kurvaturen er valgt for å redusere veiens stigning/fall.

Det etableres bom og/eller grind ved veiens utgangspunkt ved eksisterende kommunal vei i Hovden, slik at veien blir stengt for allmennheten. Stengsel er også nødvendig av hensyn til beitende dyr på arealene rundt Iledalsvågen.

Ved veiens endepunkt nordøst for konsesjonsgitt kabelendemast vil BKK Nett etablere en permanent snuplass, stor nok til at store lastebiler skal kunne snu. I anleggsperioden vil det være behov for å ha et riggområde på samme sted som det senere etableres snuplass. BKK Nett vil ved etablering av ringområdet la dette ligge slik at en del av det kan fungere som snuplass etter endt anleggsperiode, mens resten av riggarealet tilbakeføres. Detaljert beskrivelse av områdets utforming forutsettes behandlet gjennom MTA-planen.



Figur 2. Situasjonsskart med inntegnet vei som det søkes om konsesjon for (svart strek) og vei som er utredet, men som det ikke jobbes videre med (lys grå strek).

#### 4.3. Investeringskostnader og økonomiske vurderinger

Veien som det søkes om konsesjon for, er kostnadsestimert til ca. 1,2 MNOK +/- 20 %. Summen inkluderer byggeledelse, prosjekteringskostnad og entreprenørens riggkostnad. Det er ikke medtatt kostnader til asfaltering, vegrekkverk, gjerder/porter eller skilt.

BKK Nett mener at investeringskostnaden spares inn ved redusert anleggskostnad ved bygging av sjøkabelanlegg, landtak og muffeanlegg, som beskrevet under pkt. 4.1 ovenfor.

BKK Nett har befart og vurdert en alternativ veitrasé, omtalt som alternativ 2 og vist med grå strek på vedlagt situasjonsskart. Alternativ 2 følger et skar noe lenger øst. Veien blir ca. 520 meter lang, og har en største stigning på 15% og tilfredsstillende landbruksvei klasse 4. Veiklasse 4 er bilveier som bygges for transport av tømmer og andre landbruksprodukter i barmarksperioden. Veien vil dermed være lite egnet for tyngre transport vinterstid. Alternativet vil medføre mer sprengningsarbeid enn alternativ 1 som det søkes om konsesjon på. Alternativ 2 impliserer 5-6 meter høye fjellskjæringer og tilsvarende fyllinger. Det vil også være større usikkerhet mht. vegfylling i myren langs tjernet nord for lledalsvågen. Selv med lavere standard og større maksimal stigning er en vei etter alt. 2 kostnadsestimert til 1,6 MNOK +/- 20 %. BKK Nett har følgelig valgt å ikke søke konsesjon for dette alternativet.

#### 4.4. Forarbeid

##### *Kontakt med grunneiere*

BKK Nett har befart de omtalte veitraseene sammen med eier av gnr. 62 bnr. 1 og 2. Tiltaket blir sett på som positivt av grunneier, som ønsker mulighet til å benytte veien dersom den bygges. Grunneier mangler spredningsareal, og ser veien som mulighet til å øke dette. Det er inngått minnelig avtale mellom BKK Nett og eier av gnr. 62 bnr. 1 og 2 om tillatelse til bygging av veien. Med Gulen kommune, som eier av gnr. 62 bnr. 36, er det ikke inngått minnelig avtale, og det søkes derfor om samtykke til ekspropriasjon for denne delen av tiltaket. Gulen kommune berøres på en 80 meter lang strekning hvor det per i dag går en traktorvei.

##### *Kontakt med offentlige myndigheter*

BKK Nett har forelagt planene for Gulen kommune, som foreløpig ikke har hatt merknader til planen.

Traseen for veialternativ 1 er oversendt Sogn og Fjordane fylkeskommune, som i løpet av september innværende år vil påbegynne arkeologiske undersøkelser langs den delen av 420 kV overføringsanlegget som ligger i Gulen kommune. De vil da samtidig foreta undersøkelser i veitraseen.

#### 4.5. Virkninger

##### *Planstatus*


Arealet er ikke regulert. Arealdelen til kommuneplanen for Gulen 2012-2024 ble vedtatt 12.06.2015, mindre endringer vedtatt 15.12.2015. Arealet som veien vil gå over, ligger i sin helhet innenfor areal som i kommuneplanen er avsatt til *Kombinert bebyggelse og anleggsformål*. I føresegnene til kommuneplanen er arealet, benevnt KB03 og gitt navnet *Iledalsvågen og Fonn neset*, omtalt slik: «*Framtidig kombinert bygninger, som bustad / fritid / næring og felles Naust med felles småbåthamn (krev nærare utgreiing).*» Det er i kommuneplanen fastsatt krav om reguleringsplan før utbygging på arealet. Det er ikke meldt oppstart av arbeid med reguleringsplan innenfor dette området. (Arealet ligger i sin helhet innenfor den tidligere kommunedelplan for Steine-Sløvåg-Skipavika, som sist ble revidert i 2012, men som senere er innarbeidet i kommuneplanen.)

BKK Nett vurderer det slik at det ikke kan anses som konfliktylft å bygge vei inn i et område som i kommuneplanen er utlagt til bebyggelse. Vi viser i denne sammenheng også til allerede anført merknad om at veiens trasé er valgt i samråd med grunneier. Det finnes i dag ikke bebyggelse som vil berøres av tiltaket.

Det er ikke kjente naturressurser langs veitraseen. Arealene benyttes i dag til beite, noe som ikke vil hindres av at veien anlegges. Eventuell tilpasning av bruken som beite i anleggsperioden vil avklares med grunneier.

##### *Kulturminner*

BKK Nett har gjort søk i Askeladden, Riksantikvarens database for kulturminner, og det ble ikke funnet registrerte kulturminner i det omhandlede området. BKK Nett må som tiltakshaver utvise aktsomhet og straks melde fra til fylkeskommunen dersom det ved gjennomføring av tiltaket skulle forekomme funn av automatiske fredede kulturminner, jf. kulturminnelovens § 8. For øvrig vises det til kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune, som kommentert under pkt. 4.4 ovenfor.



Tenesteeininga skal samla, ved tilhøyrande tenestestader, utføre sivil rettspleie- og forvaltningsoppgåver. Dei sivile rettspleieoppgåvene er først og fremst tvangssaker (saker etter tvangsfullbyrdingslova), men og gjeldsordningssaker og sekretariat for forliksråda. Disse oppgåvene kan bli gjort i samarbeid mellom fleire tenestestader eller i samarbeid med Namsfogden i Bergen. Overordna ligg dette ansvaret hos den geografiske driftseininga, og Felles eining for sivil rettspleie, i politidistriktet.

Forvaltningsoppgåver skal tenesteeiningane kunne handtere. Dette gjeld våpensaker, førarkortsaker, pass, vaktelskap, løyver og utlendingssaker. Nokre av disse oppgåvene er komplekse og krev spesiell utdanning eller kompetanse. Disse behandlast i samarbeid med andre tenestestadene i tenesteeininga, eller saman med Felles eining for forvaltning eller Felles eining for sivil rettspleie.

Til slutt er det krav om at tenestestadene i tenesteeininga er lokalisert slik at 90% av innbyggjarane i politidistriktet kan nå sin næraste tenestestad innan 45 minuttar, viss ein køyrer langs veg eller veg i kombinasjon med ferje. Den næraste tenestestaden treng ikkje vere tenestestaden i eigen kommune, i eigen tenesteeining eller eigen geografisk driftseining. For nokre innbyggjarar kan næraste tenestestad vere eit anna lensmannskontor eller politistasjon enn den som ligg i eigen kommune eller som ein etter geografisk inndeling høyrer til.

### **Endring av arbeidsprosessar - "Politiarbeid på staden"**

Politiarbeid på staden er eit prosjekt kor målet er at fleire saker ferdigstillast på staden for hendinga. Meir effektiv bruk av informasjonsteknologi gjer politipatruljen i stand til å behandle saker utan opphald. Prosjektet er no i gjennomføringsfasa i Vest politidistrikt og vi har starta med opplæringsaktiviteter. Det er mykje nytt i denne metodikken som vil kome innbyggjarane til gode. Det har vore 3 pilotdistrikt for konseptet sidan 2014. Dette er tidlegare Rogaland politidistrikt (Stavanger og Sandnes), tidlegare Vestfold politidistrikt og Troms politidistrikt. Pilotdistrikta omtalar arbeidsmetoden som ein revolusjon innan politiarbeidet.

Vest politidistrikt vil nytta iPhone og iPad til opptak av lydavhøyr på staden for den hendinga som skal undersøkast. På denne måten kan avhøyr av fornærma, vitne, mistenkte og andre takast direkte på staden og avhøyrret kan leggjast direkte inn i politiet sitt straffesakssystem. Avhøyrret kan spelast av direkte på datamaskina til politietterforskarer eller påtalejuristen som skal avgjere saka. Dei tekniske hjelpemidla gir moglegheit for å ta bilete og video av bevis og sende dei direkte til Operasjonssentralen, eller leggje dei direkte inn i straffesaka. På beredskapssida vil patruljane ha tilgang til felles kartverk, dei vil sjå andre patruljar sine posisjonar og dei vil kunne lese og dele både sentralt og lokalt planverk. Dette har vist seg viktig ved større hendingar der dei lokale patruljane forsterkast av patruljar frå andre delar av distriktet.

Etterforskinga skal i større grad skje ute på staden og i mindre grad inne på kontoret. Det vil føre til at patruljane i mindre grad blir avhengige av å oppsøke eit kontor for å skrive rapportar etter å ha vore på ein åstad. Publikum vil i større grad sleppe å møte hos politiet på

lensmannskontoret eller politistasjonen for å gje politiforklaring. Erfaringar frå pilotane tilseier at politiarbeid på staden gjer at saker kan avgjerast raskare og at fleire saker blir løyst. I tillegg aukar rettstryggleiken for både fornærma, vitne og mistenkte, sidan forklaringane er teken opp på lyd.

### **Etterforsningsløftet**

Etterforsningsløftet skal betre kvaliteten i etterforskinga. Med kvalitet meinast i denne samanhengen ikkje berre kor grundig og riktig sakene er etterforsa, men og om dei har fått ei riktig prioritering og kor raskt dei er avgjorde. Felles straffesaksinntak for Vest politidistrikt er ein del av dette, sjå avsnittet nedanfor.

Etterforsningsløftet skal gi etterforsningsleiarar meir kompetanse innan leiing av straffesaketterforsking. I tillegg skal kvar einaste medarbeidar som arbeider med etterforsking som fag, få årleg opplæring og gå gjennom ei årleg godkjenning. Godkjenninga skal avdekke om etterforskaren har høg nok kompetanse til å kunne gjere etterforskararbeid. Fyller vedkommande ikkje krava, må han eller ho tilførast meir kompetanse.

### **Felles straffesaksinntak**

Politiet har i dag ei utfordring med lange ventetider før ei straffesak blir avgjort. Samtidig har ei rekkje undersøkingar vist at kvaliteten på arbeidet med straffesakene er ulik, avhengig av kor hendinga har funne stad. Vi veit også at politiet prioriterer like saker ulikt, sjølv innanfor det same geografiske området. Eit felles straffesaksinntak har derfor som mål å sikre lik prioritering og jamn kvalitet på all etterforsking. Vidare vil tidleg involvering av etterforsningsleiing, påtale og andre spesialiserte tenester sikre betre kvalitet, nærare hendingane, altså så tidleg som mogleg etter at hendinga har funne stad. Det skal likevel fortsatt vere slik at like saker kan prioriterast ulikt, viss det trengs ut frå lokale omsyn.

Felles straffesaksinntak er ein funksjon som er under etablering for å kople på straffesaksleiing og påtalekompetanse allereie når politipatruljen er på staden, slik at saka kan få den riktige prioriteringa. I Felles straffesaksinntak skal taktiske etterforsningsleiarar saman med påtalejuristar og kontorstøtte overvake saksstraumen i heile Vest politidistrikt og setje i verk nødvendige etterforskingstiltak.

### **Bakgrunn for å endre organisasjonsstrukturen i politiet**

Gjørv-kommisjonen peikte på mykje som ikkje fungerte godt nok i politiet. Organiseringa understøtta ikkje føremåla, kommunikasjonen var for dårleg, ressursane fann ikkje kvarandre, det var ikkje tilstrekkeleg med mannskap i operasjonssentralane og moderne teknologi som var tilgjengeleg var ikkje tatt i bruk.

Politianalysen (NOU 2013: 9 Eitt politi – rusta til å møte framtida sine utfordringar, levert 19. juni 2013) bygde vidare på dette og framheva at økonomiske ressursar ikkje vart nytta effektivt. Politiet har spart seg til "fant" på mange område med utslitne kjøretøy, dårlege IKT system og løysingar, ingen system for fagleg utvikling osv. Dette har i sin tur leia til ulik kvalitet mellom politidistrikta og manglande erfaringslæring og kompetanseoverføring både innanfor politidistrikta og mellom politidistrikta.

Desse utgreiingane leia vidare til Prop. 61 LS (2014-2015) om endringar i politilova mv. (tryggleik i kvardagen – nærpolitireforma) som var ei tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 6. mars 2015, godkjend i statsråd same dag og Innst. 306 S (2014-2015), som er innstillinga til Stortinget frå justiskomiteén.

Hovuddelen av forliket mellom Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre omhandlar nærpolitiet, lokal struktur med lokal forankring og kultur og leiing, der regjeringa får klare føringar for både prosessen og resultatet fleirtalet på Stortinget forventar av nærpolitireforma.

### **Kvifor endrar vi?**

For å følgje opp pålegga frå Stortinget er det ikkje nok berre å endre organisasjonsstrukturen. Politiet tek og i bruk nye arbeidsmetodar, jf. avsnitta ovanfor. Vi har fått nye tekniske hjelpemiddel tilgjengeleg og ny teknologi utviklast. Politiet har ikkje vore flinke til å utnytte den teknologien som har vore tilgjengeleg for å utvikle arbeidsprosessar i takt med teknologiutviklinga. Dette vil politiet endre på. Fram til no har vi vore avhengige av lokale "eldsjeler" som har teke i bruk teknologi og som har endra arbeidsmetodar for seg sjølv og dei næraste kollegaene. For å nytte potensialet i dei nye arbeidsmetodane må vi endre til ein struktur som støtter eit apparat for utvikling, opplæring og likare prioriteringar. Rollefordelinga i dei ulike ledda i politiorganisasjonen må bli tydelegare, ikkje berre for eigne medarbeidarar, men også for samarbeidspartnarar i kommunar og andre lokale organisasjonar. Dei nye tenestestadane og tenesteeiningane vil vere dei klart viktigaste einingane for kommunale etatar å samarbeide med.

Nærpolitireforma skal gje publikum eit betre tilbod. Målet er at politiet skal vere meir til stades. Fleire tenester vil publikum kunne gjere på nett. Mindre tid inne på lensmannskontora og politistasjonane gjev meir tid ute i patruljebilane og ute blant publikum. Når politiet er på staden for ei hending er dei betre rusta til å gjere meir politiarbeid. Dei har hjelpemiddel og fagleg støtte som set dei i stand til å starte etterforskning og nokre gongar slutføre etterforskninga ute på staden. Disse tiltaka tillét politiet å redusere talet på tenestestader.

Ved vurderinga av ny organisering er det heilt avgjerande å kunne sjå endringane i politietaten i samanheng. Ny og styrka operasjonssentral, ny arbeidsmetodikk for operative mannskaper og andre endringar må sjåast i samanheng med behovet for kontinuerleg utvikling i takt med endringar elles i samfunnet.

### **Politimeisteren sitt forslag til inndeling av Vest politidistrikt i tenesteeiningar med tilhøyrande tenestestader**

Politidistrikta tok i juni i år imot oppdragsbrev frå Politidirektoratet kor vi blei bedne om å starta arbeidet med å effektivisera den lokale organisasjonsstrukturen. I Vest politidistrikt blei det då sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i mandat å utarbeida minst to forslag til organisering av tenestestader, tenesteeiningar og geografiske driftseiningar. Politimeisteren har hatt eit fellesmøte med kommunane 24.8.16. Kommunane har vore invitert inn i styringsgruppa som har hatt to møter, 5.9.16 og 5.10.16.

Arbeidsgruppa leverte sin rapport 3.10.16. Denne er tidlegare sendt kommunane. Rapporten blei behandla i styringsgruppa med kommunale representantar 5.10.16.

Vi legg her fram politimeisteren sitt forslag om organisering i tenesteeiningar med tilhøyrande tenestestader. Forslaget er ein justert versjon av arbeidsgruppa sine to forslag.

## Innspel frå kommunane

Arbeidsgruppa har vurdert innspela frå kommunane. I tillegg tok vi imot tilbakemeldingar på arbeidsgruppa sine to forslag om organisering i styringsgruppemøtet 5.10.16. Vi opplevde kommunane som samstemde i to kvalitative ønsker til politiet som kjem tydeleg fram:

- Ein beredskap som gjer at politiet kan respondere på ein relevant måte. Dette inneber å respondere innanfor ei relevant tidsramme
- Eit lokalt politi som er synleg på ulike lokale plan, som samarbeider med kommunale etatar og som ikkje berre kjem når dei er kalla ut til ulike hendingar

Spesielt frå mindre kommunar er vi tydeleg gjort merksame på faren for at patruljar i praksis rutast inn mot meir urbane strøk rundt regionsentra og byar. Dette er ein risiko som fleire kommunar har erfaring med.

Kommunane ynskjer konkrete tilbakemeldingar frå politiet om korleis ein ser føre seg at ein skal kunne levere på desse områda.

I det følgjande vil vi forsøke å seie noko om desse viktige momenta.

Vi presiserer først at det her er snakk om polititeneste som skal leverast av tenesteiningane med tilhøyrande tenestestader. Tenesteiningane skal organiserast under geografiske driftseiningar. Geografisk driftseining er eit organisatorisk ledd som skal kunne flytte ressursar på tvers av tenesteiningane, handsame felles interne administrative oppgåver, drive fram utviklingsarbeid og forvalte spesialkompetanse som den einskilde tenesteining ikkje vil ha sakstilfang til å kunne vedlikehalde. I sum skal den geografiske driftseininga kunne handtere det største volumet av kriminalitetsutfordringar utan ressurstilførsel frå andre einingar i politidistriktet. Denne delen av nærpolitireforma skal forhandlast på vanleg måte med fagforeiningane lokalt etter Hovudavtalen i Staten, mens inndeling av distriktet i tenesteiningar og tenestestader skal avgjerast av politidirektøren etter råd frå politimeisteren.

Politimeisteren ønskjer likevel å invitere kommunane til høyring også om dei geografiske driftseiningane. Det er ein fordel for prosessen frem mot at politimeisteren skal gi si tilråding til Politidirektoratet om tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader, at kommunane har gjeve råd til politimeisteren også om dette tema så tidleg som mogleg. Politimeisteren ønskjer ein intern diskusjon i politidistriktet om strukturen og ser det som naturleg at tenestestader, tenesteiningar og geografiske driftseiningar her kan handsamast under eitt. Høyringsinstansane kan ta utgangspunkt i politiet sin interne arbeidsgruppe sine to forslag ved utarbeiding av uttale. Arbeidsgruppa sin rapport er tidlegare sendt kommunane.

Inndeling i geografiske driftseiningar må og sjåast i samheng med etableringa av funksjonelle driftseiningar i distriktet. Dette er einingar som skal ha ansvar for ulike fellestenester på distriktsnivå. For å sikre at det meste av tenesteproduksjonen skal kunne skje ute ved tenesteiningane, er det viktig at størrelsen på dei geografiske driftseiningane balanserast mot størrelsen på dei funksjonelle einingane, slik at mest mogleg av dei spesialiserte tenestane kan leggast ut i distriktet. Ei intern arbeidsgruppe legg fram forslag til organisering av dei funksjonelle einingane 1.11.16.



### **Ein beredskap som set politiet i stand til å kunne yte relevant respons**

Politiet sin beredskap er som beskrive over basert på aktiv teneste heile døgeret eller reserveteneste (heimevakt). Dette varierer i politidistriktet ut frå geografi, demografi og lokalt kriminalitetsbilette.

Ved endring i strukturen vil ein kunne ha fleire patruljar på heilkontinuerleg teneste. Det blir etablert ein operasjonssentral for heile Vest politidistrikt. Det innførast krav til grunnopplæring og vedlikehaldstrening for operatørane i sentralen. Dette vil bli ei styrking av kompetansen slik at operasjonssentralen skal handtere både store og meir daglegdagse hendingar på ein betre måte. Ny operasjonssentral skal drive aktiv styring av alle operative patruljar i Vest politidistrikt. Slik skal vi unngå situasjonar der operasjonssentralen held ledig patruljar av beredskapsomsyn i ein kommune, mens publikum opplever at det ikkje blir respondert på straffbare hendingar i ein annan.

Næraste ressurs skal sendast til ei hending, uavhengig av distriktets interne organisatoriske grense.

Politikontaktane ved tenesteeiningane eller beredskapskontaktar ved dei nye geografiske einingane vil få i oppdrag å utarbeide lokale planar for korleis politiet skal ta seg raskt fram til stader med vanskeleg tilkomst.

Frå politimeisteren si side er det ein føresetnad at politiet sine lokale beredskapsplanar som vedkjem kommunane blir gjort greie for i dei nye politiråda. Vidare at relevant eining/person frå politiet lokalt følgjer opp samarbeid med lokale beredskapsaktørar.

### **Eit lokalt politi som er synleg på ulike lokale plan**

Politimeisteren foreslår ein struktur på tenestestadane med 28 lensmannskontor og politistasjonar med publikumsekspedisjon. Dette er ein reduksjon på 18 tenestestader. Kontora som ikkje blir ført vidare hadde sterkt redusert opningstid og hadde ikkje kapasitet til å yte dei tenestene som skal kunne ytast frå ein slik stad. Dei 28 som blir attende skal organiserast i tenesteiningar som skal ha opningstid ut over vanlig kontortid minst 1 dag pr. veke ved minst eitt av kontora.

### **Førebygging**

Det førebyggjande arbeidet i dagens politidistrikt er av varierende kvalitet. Det er liten grad av sentral koordinering og kvalitetskontroll. Ved ny organisering vil det førebyggjande arbeidet bli betre organisert og formalisert opp mot kommunar og andre samarbeidspartar. Kvar kommune skal vite kven som er deira kontaktperson hos det lokale politiet. Rolla som politikontakt blir viktig i det førebyggjande arbeidet. Rolla må utviklast nærare gjennom samarbeid i dei nye politiråda.

Politiråda skal vere det øvste samarbeidsorganet mellom kommunane og det lokale politiet. I råda skal kommunar og politi kunne utfordre kvarandre og samordne ressursar. Politiet skal gjere greie for status på kriminalitetsbiletet og gjennom framlegg av analysar gjere greie for alt frå ulike kriminalitetsdrivarar ein ser er i framvekst, til einskilde miljø ein ser er i risikozonen for å starte med kriminell aktivitet.

Politidistriktets funksjonelle eining for førebygging skal sjå til at dei lokale einingane opparbeider seg kompetanse til å drive det førebyggjande arbeidet på ein effektiv måte. Sjølv

det operative førebyggjande arbeidet skal i all hovudsak finne stad ved tenestestadene og tenesteeiningane.

### **Vurdering**

Det er helt sentralt at dei nye tenesteeiningane organiserast slik at ein får fagleg god og kostnadseffektiv utøving av tenesta. Formålet med nærpolitireforma er blant anna å sikre at fleire politiressursar kan nyttast til politiet sine kjerneoppgåver. Det er viktig å sikre at ny organisering ikkje fører med seg meir byråkrati. Dette skal sikrast med færre og større tenestestader og tenesteeiningar, slik at vi dermed kan effektivisere ressursbruk til administrativ styring og leiing.

For å sjå heilskapen i arbeidet med å forbetre politiet må ein ta med seg kjennskap til dei kvalitetsmessige endringane som no skjer i politiet og som vi har gjort greie for i innleiinga av høyringsinvitasjonen.

Ved å samle ressursane på færre tenestestader i dei nye tenesteeiningane vil ein kunne legge til rette for større fagmiljø. Spesielt dei som jobbar ved dei minste tenestestadene vil dra nytte av dette i eit lengre perspektiv. Utvikling av den enkelte medarbeidar vil bli betre ved at vi kan tilby eit større erfaringstilfang, noko som igjen vil gje synergjar og bidra til ei samla betre utnytting av ressursane, samtidig som publikum vil få betre kvalitative tenester.

Det vil ta tid å rute sparte utgifter frå husleige inn i fleire politistillingar eller til investeringar i utstyr. Nokre av dei føreslåtte tenestestadene kan ikkje ta i mot fleire medarbeidarar og dei må utvidast eller utbetrast. Politidistriktet får ikkje dekkja inn investeringsbehov som kjem som følgje av reforma og ein generelt vanskeleg ressursituasjon gjer at reformarbeidet må planleggast innanfor dagens bemanning. Vi har likevel tru på at å innrette organisasjonen til å støtte nye og meir moderne arbeidsmetodar og prosessar over tid vil frigjere ressursar, både til meir etterforsking av dei alvorlegaste lovbrota og til å ha fleire synlege patruljar ute blant publikum.

### **Styring og leiing**

Driftseiningane i dagens struktur leiast og koordinerast på ulikt vis. Dette er ein naturleg konsekvens av at størrelse og ansvar for den einskilde eining er ulik. Det same er den interne organiseringa av desse einingane. Som ein følgje av dette blir den interne styringa og leiinga ulik, noko som fram til no har gjeve for ulik kvalitet på tenestene. Når einingane har for ulike føresetnadar blir det vanskeleg å dele erfaringar og å lære av kvarandre.

Større einingar vil og gi leiarane betre vilkår til å utøve leiarrolla og drive fagleg leiing og styring. Gjennom noko sentralisering i større einingar vil einingane kunne tildelast stor grad av autonomi utan at kvaliteten på tenestene vert for ulik innanfor elles like omgjevnader. Vi har tru på at noko meir standardisering av arbeidsprosessar, tydelegare strategi og organisatoriske einingar med ein størrelse som gjev einingane rom til å løyse dei oppgåvene dei har ansvar for, vil vere effektivt i kombinasjon med leiarar med fullmaktar og tydeleg ansvar. Dette i motsetnad til mindre einingar som er avhengige av ressursar frå andre organisatoriske einingar for å kunne løyse oppgåvene dei har ansvar for. Slik organisering vil kunne fragmentera ansvar ute i einingane og resultere i interne kampar om ressursar.

I ei verksemd som politiet er fleksibilitet særskild viktig for effektiv ressursutnytting. Dagens organisering med mange små tenesteeiningar vurderast å gi lite fleksibilitet. Mange små

einingar gjev få stordriftsfordeler, det gir unødig byråkrati og allokering av ressursar tek for lang tid.

I nokre samanhengar må tenesteeiningane kunne handtere større saker og prosjekter som går over tid. Dette er vanskeleg med mange og små einingar kor den einskilde leiar har ansvar for resultatet i sin eigen eining. Strukturen i dag bidreg i liten grad til at einingane har tilstrekkeleg med ressursar med riktig kompetanse til å yte fullverdige tenester til ein kvar tid.

### **Risiko og sårbarheits vurdering**

Arbeidsgruppa har gjort ei vurdering av risiko og sårbarheit av sine forslag. Denne er også aktuell for politimeisteren sitt forslag. Vurderinga er lagt ved.

### **Forslag**

For å støtte dei politiske måla med nærpolitireforma og styrke politiet der innbyggjarane bur og ferdast, tilrår politimeisteren at nokre tenestestader leggjast ned eller slås saman med andre, slik at tenestestadene sjølv kan setjast i stand til å løyse dei oppgåvene som er lista opp i innleiinga. Vidare at tenesteeiningane vert store nok til å kunne levere dei krava til kvalitet som er gjort greie for same stad. Dette fører med seg at politimeisteren sitt forslag om inndeling i tenestestader og tenesteeiningar ser slik ut:



# POLITIET

Tjenesteenhet	Tjenestested	Kommune (m innbyggertall)	Bef sammensetning (Unge under 23 år.)	Ant straffesaker 2014/2015	Krim rate (straffesaker pr 1000 innbygger)
Nordfjord	Vågsøy	Vågsøy(6046), Selje(2774)	29 %	254/247	20,9
	Eid	Eid(6015)	31 %	237/297	
	Stryn	Stryn(7168), Hornindal (1200)	30 %	315/288	
Sunnfjord	Flora	Flora(11923)/ Bremanger (3864)	31 %/27 %	782/648	36,3/13,1
	Førde	Førde (12900), Naustdal (2840), Gaular (2942), Jølster (3020)	32 %/30 %/31 %	964/937	32,3 (Førde og Naustdal)/12,8/23,1
	Gloppen	Gloppen (5784)	31 %	157/110	
	Fjaler Høyanger	Fjaler (2830), Askvoll (3023), Hyllestad (1395) Høyanger (4161), Balestrand (1294)	30 %	198/132 203/188	14,5/13,3/12,1
Sogn	Sogndal	Sogndal (7839), Leikanger (2298), Luster (5093)	29 % /30 %/29 %	460/457	22,2
	Vik Lærdal eller Årdal?	Vik (2689) Lærdal (2172), Aurland (1764), Årdal (5359),		69/106 882/727	
Bergen	Bergen sentrum	Bergen (96 407)	22 %	16029/13566	67,5
	Bergen Sør	Bergen (69 594)	32 %	3660/3316	
	Bergen Nord Bergen Vest	Bergen (62 694) inkl. Osterøy Bergen (55 544)	29 % 27 %	3090/3068 2304/2070	
Sotra, Askøy og Øygarden	Sotra	Fjell, Sund, Øygarden (36 697)	33 %	2536	29,5
	Askøy	Askøy (28 380)	33 %	2476	
Nordhordland	Nordhordland	Lindås (15 607), Meland (7812), Austrheim (2858), Radøy (5077), Modalen (381), Fedje (576), Gulen (2370), Masfjorden (1701), Solund (785)	31 %	1393/1181	25,2
	Masfjorden		27 %	138/144	18,8
Voss	Voss	Voss (14 425), Eidfjord (925), Granvin (920), Ulvik (1116)	28 %	940/1014	31,8
Vaksdal	Vaksdal	Vaksdal (4135)			
Hardanger	Hardanger	Odda ( 6930), Ullensvang ( 3401), Jondal (1104)	26 %	874/665	34,2
Kvinnherad	Kvinnherad	Kvinnherad (13271)(minus Hatlestrand og Ølve)	29 %	459/329	19,2
Kvam	Kvam	Kvam (8475), Samnanger (2443),	28 %	268/276	
	Fusa	Fusa (3876) (pluss Hatlestrand og Ølve)	26 %	231/248	
	Tysnes	Tysnes (2797)			
Os	Os	Os (19742)	32 %	1039/941	35,8
	Austevoll	Austevoll (5118)	32 %	135/119	15,8

## Vest politidistrikt

Politimeisteren  
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN  
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00  
Faks: 55 55 65 50  
E-post: post.vest@politiet.no

Org. nr. :  
Giro:  
www.politi.no



# POLITIET

## Sogn og Fjordane fylke

Tre tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader

- **Nordfjord**
  - Vågsøy
  - Eid
  - Stryn
  
- **Sunnfjord**
  - Flora
  - Førde
  - Fjaler
  - Høyanger
  - Gloppen
  
- **Sogn**
  - Sogndal
  - Vik
  - Lærdal eller Årdal

Politimeisteren har særleg sett på arbeidsgruppa si vurdering av tenestestadene Lærdal og Årdal, og vil foreslå at det skal vere bare eitt kontor i dette området som plasserast i anten Årdal eller Lærdal. Politimeisteren ber om uttale frå høyringsinstansane om kor kontoret bør plasserast, og vil først ta stilling til dette når saka skal sendast til Politidirektoratet.

## Hordaland fylke unnateke kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

Seks tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader:

- **Nordhordland**
  - Masfjorden
  - Nordhordland
  
- **Voss**
  - Vaksdal
  - Voss
  
- **Hardanger**
  - Hardanger
  
- **Kvinnherad**
  - Kvinnherad
  
- **Kvam**
  - Fusa
  - Tysnes
  - Kvam
  
- **Os**
  - Austevoll
  - Os

## Vest politidistrikt

Politimeisteren  
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN  
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00  
Faks: 55 55 65 50  
E-post: post.vest@politiet.no

Org. nr.:  
Giro:  
www.politi.no

Kvinnherad og Hardanger blir foreslått som tenesteiningar med ein tenestestad kvar. Tenesteining Kvinnherad skal dekke Kvinnherad unnateke Hatlestrand og Ølve. Lensmannskontoret i Kvinnherad blei i 2010 flytta til Husnes i Kvinnherad etter prosess med Kvinnherad kommune, tenestemannsorganisasjonar og lensmannen. Samtidig blei to mindre kontor nedlagd i regionen. Kontoret ligg no nært dei fleste innbyggjarane i kommunen, samtidig som det ligg geografisk helt i sørenden av ansvarsområdet sitt. Dette gjør at avstanden blir for stor mellom tenestestadene i Odda og i Husnes til at politimeisteren vil legge desse i same tenesteining.

### **Kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden**

To tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader:

- **Bergen**
  - Bergen sentrum
  - Bergen Nord
  - Bergen Sør
  - Bergen Vest
  
- **Sotra, Askøy og Øygarden**
  - Askøy
  - Sotra og Øygarden

Politimeisteren støttar den samla arbeidsgruppa sitt forslag om to tenesteiningar i desse kommunane, men ikkje forslaget om å leggje ned bydelstasjonane i Bergen. Forslaget er for lite utgreia både når det gjeld korleis politiet skal jobbe i bydelane i Bergen og når det gjeld beredskap mot større hendingar, som mellom anna terrortilslag og annen anslagsstyrt kriminalitet. Det vil kunne bli for sårbart om politiet i Bergen skulle samle all sin aktivitet i eitt bygg. Det blir og for tidleg å gjere seg avhengig ein prosess rundt nytt Politihus i Bergen som tidlegast vil vere ferdig for innflytting innan 7 til 8 år.

### **Oppsummering**

Det er sjølvsagt viktig at politiet har kontor i byer, bygder og tettstader der folk bur og ferdast. I dag har Vest politidistrikt mange små kontor som store deler av veka ikkje er opne og ikkje har mannskap til stades. Politiet bind i dag opp mykje ressursar i form av pengar og personell til lokale som ikkje er mykje i bruk. Politiet ønskjer i staden å nytte pengane til operativ polititeneste. Dei som jobbar ved nokre av kontora kan og utføre ei betre politioperativ teneste for publikum dersom dei er ute på patrulje der folk bur og ferdast.

Målet er at politiet skal bli meir tilgjengeleg sjølv om nokre kontor no blir foreslått nedlagde. Gjennom vakt samarbeid som kan delast mellom eit større tal polititenestepersonar skal vi forsøke og auke talet på timar med aktiv polititeneste i den nye organisasjonen og graden av tid som nyttast til heimevakt kan reduserast. Samla sett er målet at politiet skal bli meir tilgjengeleg for innbyggjarane.

Med helsing

**Kaare Songstad**

*politimeister*

*Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.*

Sakshandsamar:

Helge Stave

*prosjektleder*

---

**Fra:** Postmottak Vest politidistrikt <post.vest@politiet.no>  
**Sendt:** 21. oktober 2016 12:37  
**Til:** Hardangerrådet; Rune Heradstveit; Kjetil Rekdal; Trine Kvernhusvik; Elisabeth Bru; Sigrid Skjøren; Carl Marius Michelsen; Askvoll kommune; Askøy kommune; Aurland kommune; Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Balestrand kommune; Bergen kommune; Bremanger kommune; Eid kommune; Eidfjord kommune; Postmottak Fedje; Fjaler kommune; Fjell kommune; Flora kommune; Frida Melvær (frida.melvaer@askvoll.kommune.no); Fusa kommune; Førde kommune; Gaular kommune; Gloppen kommune; Granvin kommune; Gulen kommune; Hornindal kommune; Hyllestad kommune; Høyanger kommune; Jondal kommune; Jølster kommune; Kvam kommune; Kvinnherad kommune; Leikanger kommune; Postmottak Lindås; Luster kommune; Lærdal kommune; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Naustdal kommune; Odda kommune; Os kommune; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Samnanger kommune; Selje kommune; Sogndal kommune; Solund kommune; Stryn kommune; Sund kommune; tmt@aurland.kommune.no; Tysnes kommune; Ullensvang kommune; Ulvik kommune; Postmottak Vaksdal; Vik kommune; Voss kommune; Vågsøy kommune; Øygarden kommune; Årdal kommune  
**Kopi:** Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Hordaland fylkeskommune; Sogn og Fjordane fylkeskommune  
**Emne:** 201606272-1 Nærpolitireforma - Innbyding til høyring - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur  
**Vedlegg:** Høringsinnbydelse PM - 21.10.16.pdf; Bergen kommune.pdf; Forslag ny tenestestadstruktur Vest pd 21.10.2016.pdf; Hordaland\_SF\_.pdf

Vedlagt følger: Innbyding til høyring - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur.

Høringsfrist er satt til torsdag 1. desember 2016 kl. 23.59.

Med helsing  
Vest politidistrikt  
([post.vest@politiet.no](mailto:post.vest@politiet.no))





**POLITIET**

# Oversiktskart






**POLITIET**

# **Politimeisterens forslag til organisering i tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader**

Tjenesteenheter Hordaland :


- Nordhordland
- Sotra, Askøy, Øygarden
- Bergen
- Voss
- Hardanger
- Kvinnherad
- Kvam
- Os

Tjenestested:



\*Minus Hatlestrand og Ølve


\*\* Pluss Hatlestrand og Ølve



Tjenesteenheter Sogn og Fjordane :

- Nordfjord
- Sunnfjord
- Sogn
- Nordhordland

Tjenestested:



**Politimeisterens forslag til organisering  
i tenesteiningar med tilhøyrande  
tenestestader, med arbeidsgruppa sitt  
eine alternativ til GDE organisering**


Geografisk driftsenhet:

Tjenesteenheter Hordaland :

Midt

Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden:

Sør




- Nordhordland
- Sotra, Askøy, Øygarden
- Bergen
- Voss
- Hardanger
- Kvinnherad
- Kvam
- Os

Tjenestested:

\*Minus Hatlestrand og Ølve

\*\* Pluss Hatlestrand og Ølve




Geografisk driftsenhet:

Nord

Tjenesteenheter Sogn og Fjordane :

- Nordfjord
- Sunnfjord
- Sogn
- Nordhordland

Tjenestested:





Politimeisterens forslag til  
organisering i tenesteiningar  
med tilhøyrande tenestestader,  
med arbeidsgruppa sitt andre  
alternativ til GDE



Geografisk driftsenhet:


Tjenesteenheter Hordaland :

Midt

Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden:

Sør

Sør-Øst



\*Minus Hatlestrand og Ølve

\*\* Pluss Hatlestrand og Ølve

Geografisk driftsenhet:

Nordfjord


Tjenesteenheter Sogn og Fjordane :

- Nordfjord
- Sunnfjord
- Sogn
- Nordhordland

Sunnfjord

Sogn

Tjenestested:



Kartgrunnlag: Kartverket (Creative Commons Attribution ShareAlike 3.0)

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Svein-Helge Hofslundsengen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4622 - 16/28241

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

11.10.2016

## INNEKLIMAKARTLEGGING I NORDBYGDA BARNEHAGE - AVD. HESTEHOVEN

Nordbygda barnehage avd. Hestehoven har teke i bruk eit ekstra rom som skal nyttas av barnehagen. Barnehagen har auka personbelastninga frå 7 til 13 barn og frå 2 til 3 vaksne. Normal personbelastning er nå 16 personar.

I samband med auke i personbelastning og bruk av naborom, var det ynskjeleg med ei ny inneklimakartlegging.

Førre inneklimakartlegging var utført i perioden 31.8.15 – 4.9.15, og viste stort sett tilfredsstillande inneklima, men temperaturen var noko høg.

Nordbygda barnehage avd. Hestehoven har avtrekk i rommet og ventilar i vindauge. I tillegg nyttast vindauge til lufting.

Ny inneklimakartlegging vart utført i perioden 4.10 – 7.10.16. Barnehagen var ansvarleg for å føre registreringsskjema.

### ➤ **Samandrag og konklusjon**

- Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** er tilfredsstillande i avd. Hestehoven.
- **Temperatur** er noko høg i hovudrom og bør senkast (same som sist). For høg temperatur kan gje tørrleik i slimhinner i luftvegar og auge og uttørring av huden ("tørr luft" – kjensle) samt hovudpine, nedsett arbeidsevne og trøytteleik.  
Natt-temperatur på 25 °C er for høg og må senkast. Temperatur om morgonen bør vere 20 -22 °C.
- **Relativ luftfuktleik** (RL) er tilfredsstillande.

### **Konklusjon**

Inneklima i Nordbygda barnehage avd. Hestehoven er stort sett tilfredsstillande i høve til normer for inneklima, men temperaturen bør senkast noko. **Anbefalt er under 22 °C (i fyrings sesongen).**

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefax +47 56 37 50 74

## Målingar

Det vart utført fylgjande målingar:

### **CO<sub>2</sub>, temperatur og relativ luftfuktleik (RL).**

Utstyret som vart nytta var Wisensys inneklimalogger.

Sist kalibrert: Juni 2016.

**Loggar vart plassert i opphaldsrom og i naborom**

## Måleparameter

### **CO<sub>2</sub>:**

CO<sub>2</sub> blir danna ved forbrenning og produserast ved stoffskiftet i organismen og finnast derfor i mennesket si utandingsluft. Dette vil seie det same som at produksjonen av CO<sub>2</sub> vil auke i takt med auka aktivitet. CO<sub>2</sub> gjev i seg sjølv ikkje helseskadar i dei konsentrasjonar som vanlegvis finns i skular og barnehagar. I rom der det er høg personbelastning, vil eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå indikere at luftskiftinga (ventilasjonen) er for dårleg i høve til talet på personar i rommet. Dette betyr at andre forureiningar kan hope seg opp i innelufta. Med eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå vil ein ofte ha ei kjensle av tung og ufrisk luft samt vond lukt, og kan derfor brukast som indikator på dårleg luftkvalitet.

**Norm:** Ikkje over 1000 ppm.

### **Temperatur:**

Både låg og høg lufttemperatur kan gje helse- og trivselsproblem. Begge deler sett ned arbeidsprestasjonane. Jo lågare temperatur, jo større blir kroppen sitt varmetap, og dermed kan ein bli meir mottakeleg for bl.a. infeksjonssjukdommar. For høg temperatur kan gje tørrleik i slimhinner i luftvegar og auge og uttørring av huda ("tørr luft" – kjensle) samt hovudpine, nedsett arbeidsevne og trøytteleik. I tillegg kan høg temperatur auke veksten av helseskadelege mikroorganismar som sopp og midd. Normaltemperatur bør vanlegvis ikkje overstige 22 grader. I kortvarige periodar må man godta større varme- eller kuldebelastning på grunn av tekniske problem eller ekstrem vêrsituasjon. Overskriding bør ikkje utgjere meir enn 14 dagar.

**Oppdatert norm (FHI-rapport 2013:7):** Vinter: 20 - 24°C, sommar 23 - 26°C.

Anbefalt er at temp. blir halde under 22°C, særleg i fyringssesongen. ("Tjue er bra for hue").

### **Relativ luftfuktleik (RL):**

Relativ luftfuktleik (RL) er eit mål på kor mykje vassdamp lufta inneheld og angjevast i prosent. RL er normalt lågare om vinteren enn om sommaren. Luftfuktleiken har vanlegvis liten innverknad for temperaturopplevinga. Luftfuktleiken kan ha ei innverknad for å binde støv og redusere statisk oppladning. Det vert ikkje sett krav til luftfuktleiken. Normale årsvariasjonar i innelufta vil vera frå under 20 % til over 60 % relativ luftfuktleik (RL). På vinteren bør luftfuktleiken ikkje overstige 35 – 40 % RL på grunn av kondensrisiko og fuktskadar. RL høgare enn 40 % vil kunne fremma vekst av støvmidd og andre mikroorganismar. Innelufta skal derfor vere tørr.

Opplver ein lufta som "tørr", har det sjeldan samanheng med låg relativ luftfuktleik. Ubehag ved at lufta kjennast tørr heng ofte saman med høg innetemperatur og/eller støv i innelufta.

Det er ikkje fastsett noko generell norm for fukt i innelufta, men som ein grunnregel skal RL vera så låg at ein ikkje får vekst av mugg og sopp i bygningskonstruksjonar og ventilasjonsanlegg.

## Måleresultat (sjå tabell og måleutskriftar)

Måleverdiane er vurdert ut frå opningstida; ca. kl. 8.30 – 16.30 (opphaldstida til barna).

- Ventilasjon: Avtrekk og ventilar i vindauge
- Det var i måleperioden maks 14 tilstade mot normalt 16 personar.
- Vêrtilhøve: Sol ca. 12 - 14 °C (Nattekaldt ca. 4 – 5 °C)

### • Hestehoven

Det var fint vêr i måleperioden, så barn og vaksne var mykje ute. Det vart lufta mykje.

Fyste måledag ligg måleverdiane for **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** like over norm i ca. 1 time. Påfølgjande dagar ligg CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen under norm. I naborom som nyleg er teke i bruk ligg CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen under norm i heile måleperioden. Det er ingen opplysningar om personbelastning eller lufting når det gjeld dette rommet.

Ut frå dette ser ein at dagens ventilasjon (avtrekk, ventilar i vindauge og lufterutinar) gjer tilstrekkeleg effekt for å halde CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen under norm.

Luftutskiftinga er tilfredsstillande.

**Temperaturen** i hovudrommet har ei middelvei på ca. **23 - 24°C** og maks på **24 – 25°C**. Dette er noko høgt. Ut frå målresultata ser ein at det også er høg temperatur om natta. Det er målt over 25°C på natt, når det er 4 – 5 °C ute. Temperaturen kan med fordel senkast. Norm for denne årstida og med dei temperaturane som er ute, bør temperaturen inne ikkje overstige mykje over 22 - 24°C.

Anbefalt innetemperatur er mellom 20 - 22°C. «Tjue er bra for hue».

**Temperatur i «naborom»** ligg mellom 21 – 22 °C som middeltemperatur og maks på 23,8 °C. Dette er tilfredsstillande.

Verdiane for **relativ luftfuktleik** (RL) ligg i snitt på ca. 35 - 40 %, og er tilfredsstillande.

### ➤ **Konklusjon**

Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** er tilfredsstillande. Dette gjeld både hovudavdeling og «naborom». Målingar er utfør med inntil 14 personar tilstade.

**Temperaturen** er noko høg på hovudavdelinga, sjølv om det vart lufta. Temperaturen bør senkast noko for å unngå problem som kan oppstå ved for høg temperatur. *For høg temperatur kan gje tørkleik i slimhinner i luftvegar og auge og uttørring av huda ("tørr luft" – kjensle) samt hovudpine, nedsett arbeidsevne og trøytteleik. I tillegg kan høg temperatur auke veksten av helseskadelege mikroorganismar som sopp og midd.*

Natt-temperatur bør senkast, slik at det ikkje er over 20 – 22 °C om morgonen når barnehagen startar.

Temperatur i «naborom» er tilfredsstillande.

**Relativ luftfuktleik** (RL) er tilfredsstillande.

Med helsing

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alf Magnar Strand

Roald Kvingedal

Rolf Martin Tande

Svein-Helge Hofslundsengen

KOPPI

## Inneklimakartlegging:

Målresultat i opphaldstida ca. 8.30 – 16.30.

Avd.	Dato	CO2			Tid over norm	Temp			RF	Kommentar
		Snitt	Maks	Min	Ca.	Snitt	Maks	Min	Snitt	
Hestehoven	4-7.10.16	610	<b>1174</b>	407	<b>1 t</b>	<b>23 - 24</b>	<b>25</b>	22	35	Maks 14 tilstade. 16 er normalt. Lufting <b>Luftutskifting er tilfredsstillande.</b> <b>Noko høg temperatur.</b>
«Naborom»	4-7.10.16	470	607	416	0	21 - 22	23,8	20,5	42	Ingen opplysningar om personbelastning eller lufting. <b>Luftutskifting og temperatur er tilfredsstillande.</b>


### Grenseverdier: (Måleverdier utover norm er merket med fet skrift)

- CO<sub>2</sub> har en normverdi på 1000 ppm
- **Temperatur:** Oppdatert norm (FHI-rapport 2013:7): Vinter: 20 - 24°C, sommar 23 - 26°C.  
Overskridingar kan godtas om sommaren, men helst ikkje over meir enn 2 veker.  
Anbefalt er at temp. blir halde under 22°C, særleg i fyringssesongen. ("Tjue er bra for hue").
- RL (relativ luftfuktleik), denne bør ikkje overstige 35 – 40% vintertid


# Inneklimakartlegging i Nordbygda barnehage i perioden 4.10 – 7.10.16

Fargeforklaring: Måleapparat x 2 i opphaldsrom ———— + ————  
Måleapparat «naborom» ————

## CO<sub>2</sub>- konsentrasjon



## Temperatur







Høyringspartar

Dato: 14.10.2016  
Vår ref.: 2015/1434-8  
Saksbehandlar: thoaare  
Dykkar ref.:

## Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring

I samband med at Stortinget i vårsesjonen 2015 handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i kommunereforma, med sikte på å fastlegge struktur for eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017.

Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ei oppfølging av denne invitasjonen er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion.

På fylkestinget, 5.oktober 2016, vart det vedteke å legge denne intensjonsplanen ut på høyring før endeleg vedtak om etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016:

1. «Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløysingar.
4. Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»

Med grunnlag i dette vedtaket vert intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen lagt ut på open høyring. Det vert med utgangspunkt i denne intensjonsplanen bedt om synspunkt på om Hordaland fylkeskommune bør inngå i eit nytt regionalt folkevald nivå saman med fylkeskommunane Rogaland og Sogn og Fjordane.

Intensjonsplanen med tilhørende dokument er lagt ut på [www.hordaland.no/regionreform](http://www.hordaland.no/regionreform),

Eventuelle spørsmål kan rettast til Thorbjørn Aarethun, tlf.nr 92058252 eller i epost til [thorbjorn.aarethun@hfk.no](mailto:thorbjorn.aarethun@hfk.no)

Høyringsvar kan sendast som epost til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no), innan høyringsfristen som er sett til 30.november 2016.

Med helsing

Anne Gine Hestetun  
fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

---

**Fra:** Thorbjørn Aarethun <Thorbjorn.Aarethun@hfk.no>  
**Sendt:** 19. oktober 2016 15:23  
**Til:** Askøy kommune; Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Bergen kommune; Bømlo kommune; Eidfjord kommune; Etne kommune; Postmottak Fedje; Fitjar kommune; Fjell kommune; Fusa kommune; Granvin kommune; Jondal kommune; Kvam kommune; Kvinnherad kommune; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Odda kommune; Os kommune; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Samnanger kommune; Stord kommune; Sund kommune; Sveio kommune; Tysnes kommune; Ullensvang herad; Ulvik kommune; Postmottak Vaksdal; Voss kommune; Øygarden kommune  
**Emne:** Vestlandsregion - høyring  
**Vedlegg:** hoyringsbrev.pdf

Hei!

På vegne av fylkesordføreren vert høyringsbrev om etablering av Vestlandsregionen oversendt kommunane i Hordaland. Med grunnlag i framforhandla intensjonsavtale mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland om etablering av Vestlandsregionen, vert kommunane invitert til å komme med synspunkt på om Hordaland bør inngå i ein slik ny folkevald region på Vestlandet.

Det vert elles vist til høyringsbrevet om webadresse for høyringsdokument og høyringsfrist.

Thorbjørn Aarethun  
Hordaland fylkeskommune